

Dispensasjon

Eg søker hermed om dispensasjon frå arealformålet friluftsområde for oppføring av garasje. Eg var klar over at området nedanfor mi tomt var regulert til friluftsområde. Men ikkje at i den prosessen når dette vart bestemt, at deler av mi tomt også er vorte omregulert til friluftsområde/ grønt areal. Det er påfallande rart at det ikkje er samsvar mellom grensa til 10/5 som er friluftsområde, og reguleringsplanen der både 10/266, 10/90 og 10/83 har fått deler av tomte si omgjort til friluftsområde. Kanskje det her er gjort ein feil? At grensa til arealformålet friluftsområde skal gå i grensa mellom 10/5 og naboane. Uavhengig av dette, søker eg om dispensasjon frå arealformålet, slik at eg kan få oppført ein garasje. Den delen av tomte mi som er «regulert» til friluftsområde ligg om lag 2,5 meter høgare enn resten av terrenget, då eg fekk løyve til å oppføre mur i 2018. Området er i så måte ad skilt frå resten av friluftsområdet.

Vh Mikal Lussand

